



Ein verktøykasse for engelsk- og framandspråklærarar

NYNORSK



ord &  
grammatikk

Byggjeplassen



FRAMANDSPRÅKSENTERET  
NASJONALT SENTER FOR ENGELSK OG FRAMANDSPRÅK I OPPLÆRINGA



# Metodiske tips om innlæring av ord og grammatikk

*Byggjeplassen* er eit hefte med praktiske og enkle tipstilaktivitetarsomkanbrukasttilå læreinnord og grammatikk i engelsk- og framand-språkundervisninga. Tipsa er utforma slik at elevane og læraren skal kunne ta dei i bruk med få førebuingar, samtidig som dei kan tilpassast ulike situasjonar, ferdigheitsnivå og behov. Mange av tipsa legg òg opp til at elevane kan vere med og påverke utforminga av og innhaldet i aktivitetane. Heftet legg først og fremst vekt på innlæring av ord og grammatikk, men elevane får bruke andre ferdigheiter òg. Dei må lytte, lese og snakke undervegs – og ikkje minst samarbeide med andre elevar.

Grunnleggjande forståing av grammatikk og struktur er avgjerande for å lykkast med språklæring. På same måten må ein ha eit minimum av relevant vokabular for å vere i stand til å kommunisere effektivt. Derfor har det vore eit mål for oss at tipsa skal bidra til at elevane får øve på å forstå og bli forstått og uttrykkje seg presist på målspråket, sjølv med eit avgrensa ordforråd.

Ved å sjå på læring av nye ord og grammatikk som eit byggesett ønskjer vi å få fram kor viktige desse aspekta er i språklæringa, samtidig som vi vil ufarleggjere dei og leggje opp til meir leik og moro i undervisninga. På denne måten håper vi å bidra til betre læring og inspirere lærarar og elevar til å utvikle andre måtar å lære ord og grammatikk på enn den tradisjonelle pugginga.

Leik, rørsle, konkurranse og kreativitet er gode motivasjonsfaktorar i klasserommet, og derfor er mange av tipsa utforma med dette i tankane. Tipsa kan likevel enkelt tilpassast, og dei forskjellige elementa kan fjernast eller leggast til, alt etter kva faglæraren ønskjer å leggje vekt på, og kva klassen har behov for.

Alle klassar er ulike, og det har vore eit mål for oss at flest mogleg av tipsa skal kunne brukast i ei eller anna form i dei aller fleste klasserom, uavhengig av språk, trinn og nivå.

*Byggjeplassen* er det fjerde heftet i Framand-språksenteret sin serie med metodiske tips, og det er skrivi i same stil som heftet for lesing, *Det er verdt å lese*, heftet for munnlege ferdigheiter, *Med tunga på glid og øyra på stilk*, og heftet for skriving, *Skriveverkstaden*.

Tipsa er delte inn i to hovudkategoriar: ordinnlæring og grammatikk. I tillegg er kvar av dei to hovudkategoriane delte inn i forskjellige underkategoriar for å gjere det enklare å finne fram til ein passende aktivitet. Inndelinga er rettleiande og ikkje absolutt, og mange av tipsa kan òg brukast i andre former. Ein gruppeaktivitet kan til dømes gjennomførast i plenum, mens ein paraktivitet kan gjennomførast i grupper. Kanskje vil fleire av aktivitetane inspirere til språkbruk og språklæring som går utover læring av nye ord og grammatikk? Alle aktivitetane i dette heftet er òg tilgjengelege digitalt på nettsidene til Framandspråksenteret.

Vi håper at *Byggjeplassen* vil motivere elevar og lærarar til å ha det kjekt når dei skal lære seg ord og grammatikk på engelsk og framandspråk, og at det vil bidra til nye og kreative måtar å lære og undervise engelsk og framandspråk på.

Halden, november 2020  
Soléna Pradayrol og Øystein N. Øksenvåg  
Framandspråksenteret



# Innhald

## INNLÆRING AV ORD

### I par

Fire på rad .....	4
Ordterningar .....	4
Cowboyduellen .....	5
Ordkategoriar .....	6

### I grupper

Vokabularkast .....	7
Jeopardy .....	8
Eitt ord – fire hint .....	9
Tida er ute .....	10
Ordbokløp .....	10
Våre ti nøkkelord .....	11
Dobbelt opp .....	12
Alfabetet .....	12

### I klassen

Dei unike orda .....	13
Lytt etter ordet ditt .....	14
Spørjeloop .....	14
Eg pakkar kofferten min med .....	15
Kven, kva eller kvar er eg? .....	16
Glosestafett .....	17
Teikn ordet .....	17

## INNLÆRING AV GRAMMATIKK

### Verb

Verbterningar .....	18
Verbhjulet .....	19
Verbspå .....	19
Senke skip .....	20
Fem like .....	21

### Setningselement og setningsstruktur

Ordklassekategoriar .....	22
Preposisjonshinderløype .....	22
Setningskomposisjon .....	23
Bløff .....	24
Infohendene .....	25
Quiz og byt .....	26
Spørsmålsmyltring .....	27



## Fire på rad

Ein vokabularvariant av fire på rad for å repetere viktige ord.

### Tidsbruk:

30 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Klassen og læraren lagar i fellesskap eit rutenett med sju gonger sju ruter med norske omsetjingar av relevant vokabular. Læraren kjem med forslag til viktige ord som skal vere med, og elevane lagar kvar sin kopi. Elevane kan gjerne fylle inn eigne ord, så lenge desse orda er kjende for alle.
- Elevane konkurrerer mot kvarandre to og to. Elev A begynner med å velje ei rute og seier ordet på målspråket. Dersom svaret er rett, blir ordet kryssa ut. Turen går vidare til elev B.
- Når ein av elevane har kryssa av fire ruter på rad, vinn han eller ho partiet.

- Spelet held fram heilt til det er uråd å lage fleire rekkjer med fire på rad.
- Eleven med flest firrader vinn.

### Tilpassing:

Motstandarane kan velje ord for kvarandre. Dersom ein klarer å omsetje ordet, får ein lov til å krysse av ei sjølvvald rute.

<del>sol</del>	sky	regn	storm
snø	<del>vind</del>	himmel	frost
temperatur	vår	<del>lyn</del>	torden
haust	varmt	kjølig	tåke

## Ordterningar

Elevane kastar terningar for å bestemme kva for eit ord dei skal omsetje.

### Tidsbruk:

15 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Klassen lagar i fellesskap eit rutenett med seks gonger seks ruter utfylt med norske ord, gjerne i bestemt og ubestemt form. Læraren kjem med forslag til viktige ord, og elevane lagar kvar sin kopi. Elevane kan gjerne fylle inn eigne ord, så lenge desse er kjende for alle.

- Elevane spelar mot kvarandre i par, og kvart par får utdelt to terningar. Elev A begynner med å kaste terningane. Éin terning bestemmer den vertikale aksene, og éin terning bestemmer den horisontale aksene. Eleven skal, utan hjelpemiddel, skrive ned ordet på målspråket i ruta som terningane har bestemt. Dersom svaret er rett, er ruta teken. Dersom svaret er feil, er ruta framleis open.
- Når elev A er ferdig, er det elev B sin tur.
- Eleven som har flest rette ord etter til dømes ti minutt, har vunne.

## Cowboyduellen

Elevane duellerer som cowboyar og samlar poeng ved å omsetje ord eller frasar så raskt som mogleg.

### Tidsbruk:

15 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Klassen og læraren finn fram til ord og uttrykk på målspråket som er knytte til eit bestemt tema, og læraren skriv dei på tavla.
- Kvar elev skriv ned fem av orda på fem forskjellige ark med omsetjing på baksida.
- Elevane finn ein duellant, og duellantane står inntil kvarandre rygg mot rygg. Begge

held eit av dei fem arka opp framfor seg med det norske ordet på framsida. Dei tek tre skritt frå kvarandre samtidig som dei tel ned – «Tre, to, éin!» – på målspråket. Deretter snur dei seg så raskt dei kan, og omset ordet på motstandaren sitt ark høgt.

- Eleven som seier ordet først, får arket til motstandaren. Elevane finn ein ny mot-spelar, og duellen begynner på nytt.
- Når tida er ute, stoppar læraren aktiviteten. Eleven med flest ark vinn.





## Ordkategoriar

Dette er ein førlesingsaktivitet som eignar seg godt til å introdusere eit nytt tema. Elevane finn ut kva utvalde ord i ein tekst betyr, og deler orda inn i kategoriar.

### Tidsbruk:

15–30 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Læraren vel ein song, ei lydfil eller ein video og plukkar ut enkeltord, uttrykk eller frasar frå teksten som han eller ho viser på tavla.
- Elevane jobbar i par. Dei skriv orda frå tavla på lappar (eitt ord per lapp) og samlar dei i ein bunke.
- Elevane byter på å trekkje ein lapp og lese ordet høgt. Dersom begge elevane kjenner ordet frå før, skriv dei initialane sine på lappen og legg lappen i ein bunke. Ukjende ord eller

ord som berre éin av elevane kjenner frå før, skal leggjast i ein annan bunke.

- Elevane går gjennom denne bunkene saman, gjerne med hjelp av ordbok.
- Når elevane har kontroll på alle orda, spreier dei lappane frå begge bunkene ut på bordet og deler dei inn i minst to, men gjerne fleire, kategoriar. Elevane står fritt til å bestemme kva slags kategoriar dei vil bruke.
- Læraren ber kvar gruppe fortelje kort kva slags kategoriar dei har valt – og kvifor. Dette kan skje på norsk.
- Til slutt deler læraren ut teksten eller viser han på skjermen, og klassen kan begynne å jobbe med han.





## Vokabularkast

Ein terningkastaktivitet for å repetere ord og uttrykk knytte til eit bestemt tema på forskjellige måtar og setje dei inn i ein samanheng.

### Tidsbruk:

15 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Klassen og læraren vel eit tema og skriv ei liste med ord knytte til temaet på tavla.
- Elevane går saman i grupper. Kvar gruppe får utdelt ein terning, penn og papir.
- Ein av elevane i gruppa vel først eit av orda på tavla og skriv det ned, utan å vise det til resten av gruppa. Eleven kastar deretter terningen. Kva for ei oppgåve han eller ho skal løyse med det valde ordet, er avhengig

av kva for eit tal terningen viser. Dei andre elevane skal prøve å gjette kva for eit ord det er snakk om.

**Terningen viser éin:** Beskriv ordet utan å bruke det.

**Terningen viser to:** Teikn ordet.

**Terningen viser tre:** Finn synonym eller sei kva du kan gjere med det ordet beskriv.

**Terningen viser fire:** Nemn det du assosierer med ordet.

**Terningen viser fem:** Mim ordet.

**Terningen viser seks:** Finn antonym eller sei kva du ikkje kan gjere med det ordet beskriv.

### Tilpassing:

Leiken kan spelast med og utan poeng. Kvart rette svar kan til dømes gi eitt poeng.



## Jeopardy

Elevane repeterer vokabular gjennom ein omvend vokabularquiz. Elevane får ein definisjon og skal gjette kva for eit ord det er snakk om.

### Tidsbruk:

30–45 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Læreren fordeler klassen i grupper på tre–fire elevar.
- Kvar gruppe vel ein kategori, til dømes aktivitetar, transport, værmelding eller stader.
- Dei vel fem ord som høyrer til kategorien, og skriv ned ei setning som forklarar kvart av orda. Deretter rangerer dei orda frå enklast til vanskelegast.
- Læreren samlar inn arbeidet til elevane og kan anten kopiere tabellen ovanfor på tavla eller skrive spørsmåla inn i det digitale verktøyet Jeopardylabs.
- No begynner spelet. Gruppene vel ein kategori og ein poengsum. Kvar gruppe kan berre få eitt spørsmål om gongen. Gruppene kan ikkje velje ruter i den kategorien dei har laga sjølve.
- Når alle rutene er brukte, tel gruppene opp poenga sine, og det blir kåra ein vinnar.

Aktivitetar	Transport	Værmelding	Stader
10	10	10	10
20	20	20	20
30	30	30	30
40	40	40	40



## Eitt ord – fire hint

Ein versjon av *Alias* med førebudde hint. Elevane skal gjette så mange ord som mogleg på to minutt og får maks fire hint per ord.

**Tidsbruk:**  
15 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Læraren deler elevane inn i grupper på fire.
- Elevane skriv (kvar for seg) eit ord på målspråket øvst på ein lapp. Nedanfor ordet skriv eleven fire stikkord som beskriv det valde ordet. Kvar elev bør lage minst fem lappar. Det er viktig at klassen kjenner orda.
- Læraren samlar inn lappane og fordeler dei på gruppene, slik at kvar gruppe har ein bunke med lappar. Bunken skal plasserast opp ned midt på bordet.

- Kvar gruppe blir delt inn i to lag, og elevane spelar to mot to. Kvar lag får to minutt på seg til å gjette så mange ord som mogleg. Lag A begynner. Den eine eleven trekkjer ein lapp og les opp stikkorda, og den andre eleven gjettar kva for eit ord det er snakk om. Det er lov å lage setningar med stikkorda, men det er ikkje lov å bruke ordet som skal gjetast. Når den eine eleven har gjetta, byter dei to elevane roller. Etter to minutt er det lag B sin tur.
- Laga får eitt poeng per ord. Dei kan seie «pass», men då får dei eit minuspoeng.





## Tida er ute!

Med denne varianten av *Alias* får ein repetert temagloser på fire forskjellige måtar. Målet er å forklare og gjette flest mogleg gloser.

### Tidsbruk:

30 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Klassen blir einig om eit tema, og kvar elev skriv ned fem forskjellige gloser innanfor temaet, eitt ord per lapp.
- Elevane speler to mot to i grupper på fire eller seks. Dei samlar lappane sine i ein bunke. Det same ordet kan komme fleire gonger.
- **Første runde:** Elev A trekkjer ein lapp frå bunken og prøver å forklare ordet utan å bruke det aktuelle ordet. Elev B skal gjette

flest ord på eitt minutt. For kvart ord elev B gjettar rett, får han eller ho eit poeng og beheld lappen. Turen går vidare til neste par fram til bunken er tom. Elevane byter roller for kvar runde. Skriv ned poengsummen for runden.

- **Andre runde:** Lappane blir samla i ein bunke igjen, og elevane gjentek prosedyren, men no får elev A berre seie eitt ord for å hjelpe elev B til å gjette rett ord.
- **Tredje runde:** I denne runden skal elev A mime, syngje eller lage lydar for å få elev B på sporet av ordet.
- **Fjerde runde:** Denne gongen skal elev A tipse elev B ved å stille seg opp i ein positur. Det er ikkje lov å lage lydar eller bevege seg.
- Laget som har samla flest poeng etter dei fire rundane, vinn.

## Ordbokløy

Dette er ein konkurranseprega ordinnlæringsaktivitet for å øve på vanskelege ord og uttrykk. Elevane skal omsetje, hugse tydinga av og forklare orda til dei andre for å få poeng.

### Tidsbruk:

15 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Læraren vel ut enkeltord, uttrykk eller frasar frå ein tekst som kan vere utfordrande for elevane å forstå.
- Læraren skriv ned orda i ei liste på venstre side av tavla. Klassen blir delt inn i små grupper, og resten av tavla blir delt inn i så mange kolonnar som det er grupper i klassen.
- Elevane skal samarbeide i gruppa for å finne ut kva orda betyr. Dei får tilgang til alle hjelpemiddel.

- Når elevane i gruppa har forstått eit ord, spring ein av dei fram til tavla, set ein strek over ordet i lista til venstre og skriv ned ordet i kolonnen til gruppa.
- Når det er sett strek over eit ord i lista, kan det ikkje brukast av ei anna gruppe.
- Elevane held fram heilt til alle orda i lista er streka over og skrivne inn i kolonnane.
- Læraren ber kvar gruppe om å omsetje og forklare orda dei har skrive inn i kolonnen, for resten av klassen. Dersom dei hugsar kva eit ord betyr, får dei eit poeng. Dersom dei har gløymt kva eit ord betyr, får dei eit minuspoeng.
- Læraren går gjennom alle orda, og gruppa med flest poeng vinn.

## Våre ti nøkkelord

Denne førlesingsaktiviteten utfordrar elevane til å hente fram førkunnskapane sine og utarbeide eit felles ordforråd knytt til eit tema. Gruppene må bli einige om dei ti nøkkelorda som dei meiner er dei viktigaste.

**Tidsbruk:**  
30 minutt


### Forslag til gjennomføring:

- Læraren deler elevane inn i grupper på fire. Kvar gruppe får eit A3-ark som dei skal dele inn slik illustrasjonen nedanfor viser. Elevane legg arket mellom seg og får tildelt kvart sitt av dei ytste felte.
- Læraren vel ut ein tekst, song eller video og informerer klassen om temaet, til dømes ei vegbeskriving.
- Først jobbar elevane kvar for seg. Dei finn ord og uttrykk som dei sjølve meiner er viktige for å kunne kommunisere om temaet. Dei må gjerne bruke læreboka eller ordbok. Elevane skriv orda ned i sitt eige felt på arket.

- Deretter skal elevane bli einige om dei ti nøkkelorda som dei trur vil dukke opp i teksten læraren har valt.
- Dei skriv orda dei er einige om, i midten.
- Læraren ber gruppene om å presentere dei ti nøkkelorda dei har valt.
- Læraren les eller spelar av teksten, og elevane kryssar av nøkkelorda dersom dei blir nemnde.
- Grappa som hadde flest nøkkelord til felles med teksten, vinn.

### Tilpassing:

Dei ti nøkkelorda kan brukast som utgangspunkt for ein felles diskusjon eller for å skrive ein tekst om temaet.





## Dobbelt opp

I dette spelet, som er inspirert av kortspelet Dobble, skal elevane kjenne igjen orda som dukkar opp to gonger, uavhengig av form og farge.

### Tidsbruk:

15–30 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Læraren vel ut 18 ord på målspråket som elevane skal lære eller har behov for å repetere, og skriv dei opp på tavla.
- Elevane skriv ned ti av desse orda på eit ark. Dei skriv orda i forskjellige fargar, storleikar og retningar. Kvar elev fyller ut minst fem ark med ti ord.

- Elevane går saman i grupper på fire. Dei samlar arka sine, blandar dei og legg dei i ein bunke.
- Kvar elev får utdelt eit av arka frå bunken og legg det framfor seg på bordet.
- Elevane snur etter tur det øvste arket i bunken og legg det i midten. Målet for kvar elev er å vere den første til å finne eit ord som står både på sitt eige ark og på arket i midten. Ordet blir sagt høgt, og eleven må vise kvar det er, på begge arka. Eleven som svarer først, får arket i midten og legg det øvst i bunken sin.
- Spelet held fram til alle arka er tekne. Eleven med flest ark framfor seg på slutten av spelet vinn.

## Alfabetet

Ein gruppeaktivitet der elevane skal skrive ned temabaserte gloser i alfabetisk rekkjefølgje.

### Tidsbruk:

15 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Elevane blir delte inn i mindre grupper.
- Læraren foreslår eit tema, og klassen vel ein bokstav i alfabetet som startpunkt.
- Deretter er oppgåva å skrive ned gloser som kan knytast til temaet, i alfabetisk rekkjefølgje. Dersom temaet er jul og klassen

har valt a som startpunkt, kan til dømes dei to første orda vere advent og barn. Elevane kan hoppe over vanskelege bokstavar.

- Kwart ord skal vere grunngitt med ei setning om kvifor det er relevant for temaet. Til dømes: «Advent er tida før jul» og «Alle barn elsker jula».
- Klassen går gjennom svara i plenum.

### Tilpassing:

Etter at aktiviteten er ferdig, kan orda danne utgangspunkt for lengre skriftlege, individuelle tekstar.

## Dei unike orda

Elevane konkurrerer om å skrive ned så mange unike ord som mogleg knytte til eit kjent tema.

### Tidsbruk:

15 minutt

### Forslag til gjennomføring:


- Læraren skriv eit tema klassen er kjend med, på tavla.
- Elevane blir delte inn i små grupper.
- Kvar gruppe skriv ned så mange unike ord som mogleg, det vil seie ord som dei trur at dei andre gruppene ikkje kjem til å skrive ned. Orda skal vere knytte til temaet, og det er ikkje lov å skrive ulike former av det same ordet. Læraren gir nokre døme på ord som ikkje tel som unike ord, til dømes bil og bilar og køyre, kørde, køyrt. Elevane får fem minutt på seg.
- Ei av gruppene begynner med å lese ordet øvst på lista si. Dersom nokon av dei andre gruppene òg har dette ordet på lista

si, roper dei «Stopp!». Alle gruppene som har dette ordet, må stryke det frå lista.

- Turen går vidare til neste gruppe, som les opp frå si liste. Dei andre gruppene følgjer med og roper «Stopp!» dersom dei har det same ordet på lista.
- Når alle orda er lesne opp og gruppene har stroke over orda som dei ikkje var åleine om å ha på lista, kan vinnaren kårast: Gruppa som har flest unike ord, vinn.

### Tilpassing:

Aktiviteten kan òg gjennomførast med motsette reglar, altså at gruppene skriv ned alle orda dei trur dei andre gruppene skriv ned. Gruppene får poeng dersom alle andre grupper har det same ordet. Gruppene kan skrive så mange ord dei vil.





## Lytt etter ordet ditt

Ei lytteøving basert på tekst, song eller video som kan brukast for å førebu eller repetere viktige ord.

### Tidsbruk:

15–30 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Læraren vel ein passande tekst på mål-språket, plukkar ut viktige ord frå teksten og skriv dei opp på tavla. Teksten kan vere kjend eller ukjend, og han kan vere frå læreboka eller andre kjelder, til dømes frå ein song eller ein video.
- Elevane vel eitt av orda frå tavla og skriv det ned, utan å fortelje det til nokon andre.

- Læraren les opp teksten, og når eit av orda på tavla blir lese opp, skal eleven som har skrive det, reise seg opp.
- Fleire elevar kan ha valt det same ordet. I så fall er det om å gjere å reise seg først opp.
- Det same ordet kan dukke opp fleire gonger i teksten, derfor er det viktig å vere parat heilt til læraren har lese gjennom heile teksten.

### Tilpassing:

Leiken kan òg gjennomførast med fleire enn eitt ord per elev, og læraren kan fordele orda til elevane for å skape spennande duellar.

## Spørjeloop

Ei temabasert skrive-, lytte- og uttaleøving der spørsmålkort og svarkort er blanda og fordelte rundt om i klassen.

### Tidsbruk:

30 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Elevane i klassen lagar kvart sitt spørsmål med svar basert på bestemte ord eller tema. Dei skriv spørsmålet på ein lapp og svaret på ein annan lapp.
- Læraren samlar inn lappane og sjekkar at det er gode spørsmål med logiske svar. Deretter legg han eller ho spørsmålshorta og svarkorta i kvar sin bunke.

- Læraren deler ut eitt spørsmålkort og eitt svarkort til kvar elev. Obs! Same elev kan ikkje ha svaret på spørsmålet sitt!
- Ein av elevane begynner med å stille spørsmålet på kortet til resten av klassen. Dei andre elevane må følgje godt med. Den av elevane som har det rette svaret på lappen sin, seier frå og les svaret høgt. Deretter held han eller ho fram og stiller spørsmålet på sitt kort til klassen.
- Hald fram slik til elevane har svart på alle spørsmåla.

## Eg pakkar kofferten min med ...

Mange kjenner leiken «Eg pakkar kofferten min med ...» Leiken eignar seg utmerkt til å repetere ord knytte til eit tema elevane har jobba med. De kan lett variere leiken ved å bruke andre setningar, til dømes «Heime hos meg har vi ...» eller «I morgon skal eg kjøpe ...».

### Tidsbruk:

15 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Elevane går saman i grupper på fire eller fem. Kvar gruppe dannar ein ring.
- Ein elev begynner med å seie startsetninga på målspråket: «Eg pakkar kofferten min med ...». Eleven legg til ein ting som han eller ho har lyst til å ta med på reise.
- Neste elev seier startsetninga og legg til eit nytt ord i tillegg til ordet som alt er nemnt.
- Slik held leiken fram heilt til ein av elevane anten gløymer ein av tinga som skal vere med i kofferten, eller ikkje kjem på fleire

ting. Grappa skriv ned setninga og alle tinga dei ramsa opp. Deretter får eleven som stoppa setninga, lov til å starte på nytt.

- Læraren avsluttar leiken i plenum. Kvar gruppe les opp den lengste setninga si. Grappa med flest ting i kofferten vinn.

### Tilpassing:

Etter at ei setning er skriven ned, kan det vere eit krav at orda i denne setninga ikkje blir brukte på nytt i den nye setninga. Gruppene kan då konkurrere både om kven som har den lengste setninga, og kven som har flest setningar.



## Kven, kva eller kvar er eg?

Elevane beskriv ein person, eit dyr, ein gjenstand eller ein stad. Dei andre elevane skal gjette kven, kva eller kvar det er snakk om.

**Tidsbruk:**  
15 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Elevane vel ein person, eit dyr, ein gjenstand eller ein stad som er knytt til eit bestemt tema. Dei skriv ei kort skildring av personen, dyret, gjenstanden eller staden på eit ark utan å bruke det bestemte ordet. Dei første setningane bør ikkje røpe for mykje. Nedst på arket skriv dei fasiten.
- Læraren samlar inn alle tekstane og les dei

høgt. For kvar tekst skriv elevane ned ordet dei trur teksten omtaler, på eit ark.

- Til slutt avslører læraren det rette svaret, og elevane som har gjetta rett, får eitt poeng. Dei viser svara sine til resten av klassen.
- Vinnaren blir kåra når alle tekstane er lesne opp.

### Tilpassing:

Aktiviteten kan med fordel gjennomførast i mindre grupper der ein av elevane har rolla som opplesar. Fagleg sterke elevar kan i så fall plasserast i same gruppe og få ei meir avansert oppgåve. Dei kan til dømes beskrive noko abstrakt, ein historisk person eller ei oppfinning.







## Glosestafett

Ein glosestafett der fleire lag konkurrerer om å omsetje gloser på tavla.

**Tidsbruk:**

15 minutt

**Forslag til gjennomføring:**

- Læraren fyller tavla med forskjellige ord og uttrykk på målspråket og på norsk.
- Klassen blir delt inn i to til fire grupper som samlar seg på rekkje og rad framfor tavla.
- Læraren vel eit ord som står på tavla, og seier omsetjinga eller gir ein definisjon av ordet.

- Elevane som står på første rad, skal springe til tavla og ta på det rette ordet før dei andre. Kvar elev har berre eitt forsøk, så det kan vere lurt å tenkje seg om og eventuelt be om råd i gruppa.
- Læraren noterer eitt poeng for gruppa som tek på det rette ordet først.
- Eleven som fekk poenget, vel neste ord og seier omsetjinga høgt for elevane på neste rad, mens elevane som har svart, stiller seg bakarst i køen i gruppa si.
- Slik held stafetten fram til alle elevane har vore oppe på tavla. Laget som har fått flest poeng, vinn.

## Teikn ordet

Elevane lagar teikningar av relevante ord og knyter ord og teikningar saman.

**Tidsbruk:**

15 minutt

**Forslag til gjennomføring:**

- Klassen og læraren vel eit tema og skriv ei liste med ord knytte til temaet på tavla. Det blir artigast dersom det er abstrakte ord eller ord som er vanskelege å teikne.
- Kvar elev vel eit ord og lagar ei teikning av dette ordet. Han eller ho skriv òg ned ordet på ein annan lapp.

- Læraren samlar inn teikningane og lappane med ord i to forskjellige bunkar og deler deretter ut éi teikning og éin lapp med eit ord til kvar elev.
- Elevane går rundt i klassen og prøver å finne para.
- Når alle teikningane og orda er sette saman i par, går klassen gjennom dei i fellesskap. Stemmer orda og teikningane overeins?



## Verbterningar

Dette er ein variant av tipset *Ordterningar* og kan brukast til å øve på verbbøying.


### Tidsbruk:

15 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Læreren deler ut eit ark til kvar elev.
- Elevane lagar eit rutenett med seks gonger seks ruter på arket (sjå illustrasjonen nedanfor). Elevane fyller inn rutene med verb på norsk. Verba skal stå i infinitiv, og alle må kjenne dei.
- Elevane går saman to og to og byter rutenett.
- Kvart elevpar får utdelt to terningar. Ein av elevane kastar terningane for å finne ut kva for eit av verba i rutenettet han eller ho skal bøye. Den eine terningen bestemmer den vertikale aksen, og den andre terningen bestemmer den horisontale aksa. Deretter kastar eleven ein av terningane på nytt for å finne ut kva for eit pronomen verbet skal bøyst med (1 = 1. person eintal, 2 = 2. person eintal, 3 = 3. person eintal, 4 = 1. person fleirtal, 5 = 2. person fleirtal, 6 = 3. person fleirtal). Læreren bestemmer kva for ei tid verba skal bøyst i.
- Elevane kastar terningane etter tur. Når ein elev svarer rett, markerer han eller ho ruta med forbokstaven sin. Den med flest markeringar vinn.

					
 å bade	 å dusje	 å symje	 å trene	 å løpe	 å spille
 å lære	 å lese	 å skrive	 å teikne	 å kjøpe	 å betale
 å velje	 å drikkje	 å ete	 å lage	 å bake	 å fly
 å køyre	 å reise	 å sjkle	 å forstå	 å spørje	 å løgse
 å bytte	 å vinne	 å tape	 å vandre	 å synge	 å danse
 å sove	 å sjå	 å male	 å høyre	 å gå	 å svare





## Verbhjulet

Elevane lagar sine egne lykkehjul for å finne ut kva slags verb dei skal bøye og bruke til å lage setningar.

**Tidsbruk:**  
15 minutt

### Forslag til gjennomføring:


- Elevane jobbar i par.
- Læraren deler ut binders og ark med to sirkclar som er delte inn i åtte «kakestykke». Elevane kan eventuelt lage sirkclane sjølve.
- Kvant elevpar fyller ut dei to hjula, eitt med åtte verb i infinitiv og eitt med åtte personlege pronomen.
- Elevane snurrar lykkehjula og lagar ei setning som inneheld verbet og pronomenet som bindersane har landa på. Verbet skal

bøyast i samsvar med pronomenet. Læraren bestemmer kva for ei tid verba skal bøyast i.

- Etter nokre rundar byter elevane hjul med ei anna gruppe.
- Læraren går rundt, hører på setningane og gir rettleiing etter behov. Aktiviteten er ferdig når læraren har vore innoom alle gruppene.

### Tilpassing:

Denne aktiviteten kan òg gjerast med digitale lykkehjul, til dømes *Wheel Decide*.



## Verbspå

Elevane lagar ein spå som dei bruker til å repetere verbbøying med.

**Tidsbruk:**  
15 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Læraren deler ut kvadratiske ark til alle elevane i klassen.
- Elevane brettar kvar sin spå. Dei vel åtte verb som dei teiknar eller skriv på norsk på utsida av flikane. På innsida av flikane skriv dei omsetjinga og bøyinga av verbet i alle personar.
- Når elevane er ferdige, går dei rundt i klassen og finn ein partner.

- Elev A seier eit tal mellom null og ti på mål-språket. Elev B tel fram til dette talet og viser innsida av spåen. Elev A vel ein av flikane og omset verbet til mål-språket. Elev B seier eit pronomen som elev A skal bøye verbet med.
- Elev B sjekkar svaret ved å løfte flikene. Dersom svaret er rett, får elev A eitt poeng. Deretter byter dei roller.
- Når begge elevane har svart, byter dei spå og finn nye partnerar.
- Når tida er ute, kårar læraren ein spåmeister, det vil seie den eleven som har flest poeng.



## Senke skip

Elevane må bøye verb rett for å senke skipet til motspelaren.

### Tidsbruk:

15–30 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Elevane går saman to og to. Saman vel dei ut tolv verb dei skal øve seg på å bøye i ei bestemt tid.
- Læraren deler ut eit ark med eit rutenett med seks gonger tolv ruter til kvar elev. Dei øvste vassrette rutene frå éin til seks svarer til dei personlege pronomena (A1 = 1. person eintal, A2 = 2. person eintal, A3 = 3. person eintal, A4 = 1. person fleirtal, A5 = 2. person fleirtal, A6 = 3. person fleirtal). Dei tolv verba skal skrivast inn ved sida av dei tolv loddrette rutene heilt til venstre. Dei skal stå i infinitiv.

- Elevane plasserer tre skip i rutenettet ved å fargeleggje tre samanhengande ruter horisontalt eller vertikalt. Dei to motstandarane skal ikkje sjå kvarandre sine ark.
- Målet er å finne ut kvar skipa til motspelaren er plasserte.
- Elev A vel koordinatane til ei rute og bøyer verbet etter pronomenet.
- Dersom bøyinga er rett, sjekkar elev B denne ruta i rutenettet sitt og gir beskjed om ho er tom, eller om ho er fargelagd. Dersom ho er fargelagd, representerer ho ein del av eit skip.
- Dersom elev A får beskjed om at ruta representerer ein del av eit skip, set han eller ho eit kryss i ruta. Dersom ho ikkje gjer det, er det lurt å markere ruta med ein prikk, slik at ein ikkje spør om den same ruta fleire gonger.
- Vinnaren er den eleven som har funne flest skip når tida er ute.

<i>Mine skip</i>	<i>eg</i>	<i>du</i>	<i>han/ ho</i>	<i>vi</i>	<i>de</i>	<i>dei</i>
<i>å trene</i>						
<i>å jogge</i>						
<i>å drikke</i>						
<i>å reise</i>						
<i>å symje</i>						
<i>å hoppe</i>						
<i>å lese</i>						
<i>å sjå</i>						
<i>å sove</i>						
<i>å spille</i>						
<i>å fly</i>						
<i>å løpe</i>						



## Fem like

I denne varianten av kortspelet *Gris* får elevane øve seg på glosjer og ordklassar.

### Tidsbruk:

15 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Læraren deler ut eit A4-ark til kvar elev. Elevane klipper arket i seks like store lappar.
- Kvar elev vel ein kategori og skriv seks ord på målspråket som høyrer til kategorien. Dei kan til dømes skrive ned ord i den same ordklassen: seks substantiv, seks adjektiv, seks ulike verb som er bøygd i 2. person fleirtal, eller eitt verb som er bøygd i presens i alle seks personar.
- Elevane dannar grupper på fire. Dei samlar saman alle korta til ein kortstokk. Så stokkar dei korta og deler dei ut. Kvar elev får seks kort.

- Målet med kortspelet er å bli den første til å samle seks kort frå same kategori.
- Elevane sjekkar korta sine utan å vise dei til motspelarane og bestemmer seg for å samle på éin kategori. Så vel dei bort eitt kort dei ikkje vil ha, og alle tel samtidig til tre på målspråket og sender så dette kortet vidare til sidemannen. Korta skal sendast vidare på same måte heilt til ein elev har klart å få seks kort frå den same kategorien.
- Den første som får seks kort frå den same kategorien, har vunne.

### Tilpassing:

Etter at kortspelet er ferdig, kan elevane bli utfordra til å bruke orda dei har på handa, i eksempelsetningar eller i ein tekst.





## Ordklassekategoriar

I denne aktiviteten er målet å sjå nærmare på ord og grammatikk innanfor eit tema. Elevane plukkar teksten frå kvarandre og samlar orda i ordklassekategoriar, til dømes substantiv, verb og adjektiv.

### Tidsbruk:

15–30 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Klassen ramsar opp forskjellige ordklassekategoriar og vel ut fire av dei, til dømes substantiv, verb, adjektiv og preposisjonar. Dei kan òg kategorisere etter kjønn eller fleirtal ved substantiv, regelrette og uregelrette verb, osv.

- Elevane lagar ein tabell der kvar kolonne er ein ordklassekategori.
- Læraren deler ut ein tekst til elevane. Teksten kan vere kjend eller ukjend.
- Elevane får i oppgåve å gå gjennom teksten og finne ord som høyrer til dei valde kategoriane. Dei skriv orda inn i dei rette kolonnane i tabellen.
- Når elevane har funne mellom fem og ti ord per kategori, går klassen gjennom forslaga i plenum. Læraren utfordrar elevane til å finne nokre felles kjenneteikn for orda i same kategori og forklarar eventuelt grammatiske reglar og unntak.

## Preposisjonshinderløype

Klasserommet blir gjort om til ei hinderløype. Elevane instruerer kvarandre ved å bruke stadspreposisjonar.

### Tidsbruk:

15 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Elevane jobbar saman to og to og skriv ned alle stadspreposisjonane dei kjem på, til dømes framfor, mellom, mot, under og over.
- Elevparet lagar ei hinderløype som illustrerer tydinga av fem preposisjonar. Dei skriv ned instruksjonar som viser korleis ein skal gjennomføre hinderløypa ved å bruke preposisjonane frå lista i rett rekkjefølgje.
- To elevpar møtest og instruerer kvarandre hinder for hinder.

- Dei gjennomfører kvarandre si hinderløype, og laget får eitt poeng for kvart rett gjennomførte hinder.
- Laget som har flest poeng når tida er ute, vinn.





## Setningskomposisjon

Elevane jobbar med ordstilling ved å lage setningar med plakatar som dei held opp.

### Tidsbruk:

15 minutt

### Forslag til gjennomføring:


- Elevane blir delte inn i grupper. Kvar gruppe bestemmer seg for ei setning som illustrerer ein ordstillingsregel på framandspråket, til dømes plasseringa av adjektiv i ei stadfestande setning eller verb i eit spørsmål.
- Kvar setningsledd blir skrivne ned på ein plakat med stor og feit skrift.
- Etterpå samlar læraren inn arka med ledd som

utgjer ei setning, og deler dei ut til ei av dei andre gruppene. Kvar gruppe får beskjed om å lage setninga ved å stille seg i rett rekkjefølgje med ansiktet og arket mot resten av klassen.

- Elevane blir utfordra til å fortelje kva for eit setningsledd dei er, og forklare kvifor dei står der dei står (ordstilling).

### Tilpassing:

Det går an å jobbe meir med grammatikk ved å byte ut eller leggje til elevar/plakatar (setningsledd), slik at setninga endrar tid, kjønn eller tal. Klassen kan bli utfordra til å diskutere kva endringane gjer med resten av setninga.





## Bløff

Ein bli-kjend-aktivitet der elevane øver seg på grammatiske strukturar ved å fortelje morosame fakta om seg sjølve – sanne eller usanne.

**Tidsbruk:**  
15 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Elevane skriv ned tre setningar med informasjon om seg sjølve, til dømes om interesser, personlegdom og ting dei har opplevd. Setningane skal vere baserte på ein bestemt grammatisk struktur, til dømes fortid eller nekting. Elevane bestemmer sjølve om setningane skal vere sanne eller ikkje. Målet er å lure dei andre ved å fortelje sanne fakta som verkar usanne, og usanne fakta som verkar sanne.

- Klassen blir delt inn i grupper.
- Elevane i gruppa seier dei tre setningane etter tur.
- Resten av gruppa skal gjette om setningane er sanne eller usanne.
- Ein elev som bløffar utan å bli avslørt, får eitt poeng. Ein elev som gjettar rett, får eitt poeng.
- Elevane byter grupper og gjer aktiviteten på nytt.

### Tilpassing:

Dei som gjettar, kan stille oppfølgingsspørsmål på målspråket. Bestem på førehand kor mange spørsmål det er lov å stille.







## Infohendene

Dette er ein bli-kjend-aktivitet der elevane får trene på å stille og svare på spørsmål.


**Tidsbruk:**

15 minutt

**Forslag til gjennomføring:**

- Kvar elev får eit A4-ark av læraren.
- Elevane får i oppdrag å teikne handa si på arket.
- På kvar finger skriv elevane eit ord eller eit tal som er svaret på eit spørsmål om dei sjølv.
- Læraren viser illustrasjonen ovanfor til klassen og går gjennom døme på spørsmål dei kan stille kvarandre. Talet tre på langfingeren kan til dømes vere svaret på spørsmål som «Kor mange søsken har du?», «Kor ofte trener du?» og «Kor mange språk snakkar du?».

- Elevane går rundt i klasserommet med arket sitt og finn ein partner.
- Elevane stiller kvarandre spørsmål heilt til dei får eit av svara som medeleven har skrive ned på handa si. Dei skal svare på alle spørsmåla med heile setningar.
- Når begge elevane har stilt eit spørsmål som passar med eit av svara på handa til medeleven, byter dei partner.
- Etter ei stund avsluttar læraren aktiviteten, og elevane fortel i plenum kva dei har lært om kvarandre. Dei skal fortelje på mål-språket.





## Quiz og byt

Ein aktivitet der elevane minglar og har quizleik i klasserommet.

### Tidsbruk:

30 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Klassen og læraren blir enige om eit bestemt tema eller emne i grammatikken. Klassen har ei idémyldring og foreslår gode spørsmål. Læraren skriv forslaga på tavla. Basert på idémyldringa skriv elevane ned sine eigne spørsmål, gjerne med svar, på ein lapp.
- Deretter reiser dei seg og finn ein partner. Elev A stiller spørsmålet sitt til elev B, og elev B svarer. Så stiller elev B spørsmålet sitt til elev A.
- Når begge har stilt spørsmålet sitt og svart,

byter dei lapp og finn ein ny quizpartner. (Sidan elevane byter lappar, kan dei få det same spørsmålet fleire gonger. Dette er heilt uproblematisk og bidreg berre til å styrkje læringa.)

- Aktiviteten er ferdig når alle har snakka med kvarandre, eller når alle har snakka med eit bestemt tal på medelevar.

### Tilpassing:

Ein kan leggje til eit konkurranseelement, til dømes slik: Kven klarer å spørje flest? Kven er den første til å snakke med alle?



## Spørsmålsmyldring

Elevane øver seg på å stille spørsmål for å få mest mogleg informasjon ut av eit gitt bilete.

### Tidsbruk:

15–30 minutt

### Forslag til gjennomføring:

- Kvar elev vel ut eit bilete som illustrerer eigne opplevingar, kjende stader eller noko kulturelt.
- Elevane noterer ned fem stikkord som har med biletet å gjere. Målet er å gjette kva slags spørsmål resten av klassen kjem til å stille om biletet.
- Læraren viser alle bileta på skjermen, og klassen skal stille spørsmål til kvart av bileta.
- Ein av elevane vel eit bilete og stiller eit spørsmål til dette biletet. Eleven som eig biletet, svarer på spørsmålet, og dersom spørsmålet kan knytast til eit av stikkorda, kan han eller ho stryke ut dette stikkordet. Han eller ho stiller deretter eit nytt spørsmål til eit anna bilete.
- Aktiviteten held fram til alle elevane har bidrege med både spørsmål og svar, eller til ein elev har stroke ut alle stikkorda sine.



Nasjonalt senter for engelsk og framandspråk i opplæringa  
Høgskolen i Østfold, 1757 Halden

Telefon: 69 21 58 30  
[www.fremmedspraksenteret.no](http://www.fremmedspraksenteret.no)

ISBN: 978-82-8195-083-2



**FRAMANDSPRÅKSENTERET**  
NASJONALT SENTER FOR ENGELSK OG FRAMANDSPRÅK I OPPLÆRINGA